

Referat – programstyremøte spansk språk og latinamerikastudium – 060213

Til stades: Miguel Quesada-Pacheco, Åse Johnsen, Myriam Coco, Annette Myre Jørgensen, Ana Beatriz Chiquito, Jon Askeland, María Álvarez-Solar, Guro Sandnes (ref.)

Forfall: Marie Espeland, Inger Johnsen, Louise Hegbom, Marta Sánchez (stud.representantar), Ellen Høisæther, Mihaela Kvamme.

Sakliste

Orienteringssaker

1. SPLA100. Miguel Quesada orienterte: Spanskfaget søkte i 2012 om oppretting av eit innføringsemne i spansk; SPLA100. Fakultetet vil avvente ei ev. godkjenning til ein har fått avklaring på om det blir ny organisering av bachelorgraden. Spanskfaget ønskjer imidlertid å vente ein ser at faget har nok ressursar til å kunne tilby undervisning i emnet, men vil avvente ei avgjerd til fakultetet svarar på søknaden om oppretting av emnet.
2. NORHED-prosjekt og Bolivia-tur. Ana Beatriz Chiquito orienterte: IF søker om midlar til å kunne opprette master- og doktorgradsprogram, i samarbeid med universitetet i Bolivia. Ein delegasjon frå UiB reiste i slutten av januar til Bolivia for å setje i stand ein avtale. Frist på søknaden er 15. mars.

Diskusjons- og vedtakssaker

1. Studieplanendringar.
 - Forslag, SPLA101: Endre talet på oppgåver frå 3 til 2. Emnet berre består av berre to tema; grammatikk og praktisk språkbruk, mot tidlegare tre, etter at fonetikken blei flytta til SPLA105. *Vedteke*
 - SPLA101: Eventuell opning for «særskilt eksamen» (privatisteksamen). Dette inneber at desse studentane vil få fritak for obligatoriske arbeidskrav, men kan møte til forelesningar. Dei må også betale ei avgift for å ta ein slik eksamen. *Programstyret vedtok å opne opp for særskilt eksamen i emnet, for personar utan studierett. Ein ønskjer likevel å streke under at ordninga med «særskilt eksamen» er ei dårleg løysing, fordi ein stenger ute mange frå studiet, og personar som får innvilga særskilt eksamen må betale for det. Programstyret meiner UiB burde opne opp for å ta opp enkeltemnestudentar, på linje med UiO.*
 - Læringsutbyteomtalar, som er i tråd med gjeldande retningslinjer, manglar på emna SPLA102, SPLA201/251, SPLA202/252, SPLA301. *Det blei vedteke at Jon Askeland og Hans Jacob Ohldieck har ansvaret for å utarbeide nye læringsutbyteomtalar for emna SPLA102 og SPLA202/252, medan Miguel Quesada og Annette Jørgensen har ansvaret for å*

utarbeide nye læringsutbyteomtalar for SPLA201/251 og SPLA301. Dei nye omtalane skal sendast til Guro Sandnes innan 13.02.13.

- Læringsutbyteomtalar manglar på programnivå; bachelor- og masterprogramma. *Miguel Quesada la fram forslag, som blei vedteke med mindre endringar.*
- Forslag, SPLA251, 252, 253: Stryke setninga: «Det ferdige arbeidet skal leverast i 3 eksemplar ved Institutt for framandspråk.» *Vedteke.*
- Forslag: Stryke følgjande setning i studieplanen: «Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med 250-kode i same semester.» *Vedteke*
- Forslag: For å unngå mulige saker om plagiat ved at ein student leverer inn igjen same oppgåve på nytt, bør ein vurdere å ta inn følgjande tekst i emne med semesteroppgåve/heimeeksamen/mappevurdering:
 - "Ein student har høve til å levere same oppgåva på nytt i fall oppgåva er så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må då
 - a) presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller
 - b) trekkje inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller
 - c) gjere ein vesentleg endra analyse og tolking av empirien"

Programstyret vedtok å legge til følgjande setning, under SPLA103, SPLA104, SPLA250-emna, DIDASPA1 og DIDASPA2, + alle emna på SPLA300-nivå: «Kandidaten må levere ei sterkt omarbeidd oppgåve dersom ein skal levere på nytt i same emne».

- Master
 - Opptakskrav til master - studieplanane bør vere endå tydelegare på kva som er opptakskravet til master (kva er "godkjent spesialisering"). Forslag: Setje inn setninga
«Om kandidaten har studert ved ein lærestad som har krav om minimum 80 studiepoeng med spesialisering/fordjuping, vil dette bli akseptert som opptaksgrunnlag.» *Vedteke*
 - Faga bør vurdere om ein skal setje som krav at kursdelen av masterprogrammet må vere fullførte før studenten kan levere inn oppgåva.
Vedteke: Kandidaten skal i hovudregelen fullføre kursdelen av masterprogrammet før ein kan levere inn oppgåva.

2. Eksamensdatoar vår 2013: *Blir utsett til neste møte.*

3. Eventuelt: Fagseminar

Forslag om oppretting av eit uformelt fagseminar ein gong i månaden i forbindelse med onsdagslunsjen. Miguel, som fagkoordinator, skal koordinere fagseminaret. Dei som ønskjer å fortelje om prosjekt etc., melder frå til Miguel.

080213/GS